Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 Fylke: Vest. Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kvås

Emne: Drikk til maten til kvardags. Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Stuestøl Gard:

(adresse): Førland, Kvinesdal G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Også etter gamle folk.

SVAR

Mjølk.

1. Mjølkebruken er vel heller mindre, men då separatormjølka er klenare enn handskuma, er nok bruken av nysilt auka.
2. Mjølk vart mykje nytta som leske- og tyrstedrykk.
3. Før laga ein både surmjølk, blåmjølk, blenn, kinnemjølk og „blånna" (blande). Vert oftast brukt som drykk til middagen og andre mål.

Øl.

~~5. Kaffedrikking er gamal i bygda, og ein har bruka kaffe til kvardags oppmot 100 år.~~

4. Heimebryggja øl (spisøl) vart nytta som kvardagsdrykk i onnetida og etter julebryggjinga. Det vart noko nytta til det tok slutt under rasjoneringa i 1917-18. og er sidan ikkje komi i bruk att.
5. Kaffedrikking er gamal i bygda, og ein har bruka kaffe til kvardags oppmot 100 år. Det fyrste var nok kaffien nytta i gjestebod.
6. Sjå 5.
7. Mange drikk kaffi 3 gonger om dagen.
8. Ein har noko groomalen kaffe anten i kokande eller kaldt vatn og gjev han eit oppkok. Klareskinn er lite brukt. Liksö å spå i grut.

5494

2

Kva reglar ein hadde når ein spådde, veit ein ikkje. Denne spådomen er berre nytta til moro.

9. Mange brukar sukker til koffien. Fyrst var det toppsukker, så kandis, seinare raffinade. Til kvardags brukar dei farin i koffien.

10. Dei fleste har fløyte i koffien. Har ein ikkje fløyte, nyttar sume smör. Egg eller ost har ein ikkje i koffi.

Te.

11. Te er ikkje kvardagsdrykk. Men han vert likevel nytta ikkje så lite. Før bruka ein karve-te, te av hyldeblom, salvie o. a.

Brennevin.

12. I eldre tid var brennevin mykje brukt ved ekstra arbeid, dugnad, onn o.l. No slutt.

Nyare drykk.

13. Kjöpeöl, vörteröl, selters, brus o. a. vert ikkje brukt til kvardags.

5494

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING